



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 22.06.2015

Vår ref.: 2015/2036-3

Saksbehandlar: inggase

Dykkar ref.: «REF»

Kulturminnefråsegn - dispensasjon frå LNF - gnr 5/ bnr - 83 - Fløksand - Meland kommune

Vi viser til Dykkar brev datert 10.02.15 med sak til fråsegn, samt vårt brev med varsel om kulturhistorisk synfaring datert 04.03.15. Vi viser òg til e-post frå kommunen dagsett 09.06.2015 og telefonsamtale 16.06.2015.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune for tida handsamer dispensasjonssaker berre med omsyn til kulturminneinteressene, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka. Vi ber om orsaking for at det har teke så pass lang tid å få utført synfaringa.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealbruksføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel til bustadføremål på eigedommen gnr. 5, bnr. 83 og 84 på Fløksand i Meland kommune.

Vurdering av tiltaket

Det vart utført ei kulturhistorisk synfaring på staden 15.04.15. I fylgje våre arkiv vil det omsøkte tiltaket ikkje komma i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Det er likevel stort potensial for funn av slike, då det er gjort lausfunn av randskår av kleberkar frå eldre jernalder på naboeigedommen gnr 5, bnr 174, Askeladden id: 162341.

Slik Hordaland fylkekommune vurderer saka grip tiltaket inn i eit sær verdifullt område med intakt kulturlandskap med verneverdige grindverksbygningar og kulturlandskapselement som bakkemurar, potetkjellar, steingardar og levegg med tørrmur. Området er etter vår vurdering sårbart for inngrep, og bustadbygging vil kunne redusere kulturlandskapsverdiane.

Etter ei samla vurdering meiner Hordaland fylkeskommune at ulempene ved å gje dispensasjon er klart større enn fordelane. Omsynet til føremålet med pbl § 1 vert vesentleg tilsidesett dersom det vert gjeven dispensasjon med omsyn til at: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.* Vi oppmodar difor sokjar om å finne alternativ plassering for tiltaket, som er i tråd med kommuneplanen.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til bustadbygging på gnr. 5, bnr. 83 og 84 i Meland kommune. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
seniorrådgjevar

Sakshandsamar: Monika Cecylia Serafinska og Inger Lena Gåsemyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Kartutsnitt fra Askeladden